



Børstdalsnissen var på plass att til glede for mange. (Fotio: Ola Matti Mathisen)

Juleinnspurten i Uskedalen i år starta ei veke etter mange andre stader både i og utanfor Kvinnherad i og med at grana vart tent fredag ettermiddag. Men det var kanskje like greitt, for då blir ikkje opptakten til høgtida plagsomt lang.

Arrangørane Aktivitetshusets Damevenner var ialfall svært heldige med veret og publikumsskaren var gledeleg stor og sørnga for god stemning.



Grana vart tent første gong for 45 år sidan. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er noko heilt spesielt med Uskedalen og jula ettersom vi som ein av to stader i Hordaland har ei permanent julegran. Den andre staden er Bolstadøyri. Grana der er høgare enn vår, ho strekkjer seg over 36 meter, medan vår truleg er 22. På den andre sida har folket i Bolstadøyri hatt si julegran i 43 år medan vi har hatt ho i 45. Den første tenninga her fann nemlig stad i 1963.



[To små grautgramsar i Helgheim: Juni Berge \(3\) og Iris Matre \(5\). \(Foto: Ola Matti Mathisen\)](#)

Og apropos tradisjon: Det var eldsjel Sigud Wang i musikklaget som fann på å gjera grana ved bautasteinen til julegran og det var også denne gongen musikklaget som spela juletonar før grana vart tent. Og mellom musikantene kunne ein mellom andre finna Bjørgulv Eik, som var med under den første tenninga. Musikklaget vaknar til liv når det nærmar seg jul og har fleire oppdrag framover.



Friheim Gardsmat selde frå teltet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ein annan tradisjonsberar under julegrantenninga er Børsdalsnissen. I fjor var han djupt sakna, men i år var han på plass att og fekk god kontakt med små og store. Faktisk hadde han oppretta ein slags base i kjellaren på Gamleskulen, men i eit kjapt intervju med uskedalen.no avsanna han at han dermed er i ferd med å urbanisera seg. Når jobben er gjort luskar han attende til Børsdalen.



Musikklaget vaknar til liv når det nærmar seg jul. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kva skjedde så ellers? Det skjedde ein masse både med omsyn til marknadssal og bevertning.

I Helgheimskjellaren delikaterte både nissen og andre seg med risengrynsgraut medan det var kaffemat å få i Gamleskulen.



Salstrio i Gamleskulen: Ellen Hjelmeland, Karoline Fausk og Anne Katrine Olsen. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Skulen selde også i år ting dei hadde laga i 2. etasje i Helgheim. I telt kunne ein få kjøpa heimelaga gardsmat og fabrikkproduserte delikatessar, julenek, julekjeks, englar, heimelaga julekort, julelys, ekte geitost, støvelkattar, trearbeidsting og handarbeid, for berre å nemna noko.

Og på "bakrommet" i Gamleskulen var det loddsal til inntekt for TI-aren som held til i dei samme lokala og med ein spesiell juleduk gjeve av helselaget som ein av gevinstane.

Av Ola Matti Mathisen



Anna Ingeborg Bjørnebøle frå Omvikdlen selde mellom anna blå englar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

